



Arkivnr: 2015/869-4
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for Kultur-, Idrett- og Regional utvikling		11.11.2015

Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020

Samandrag

Etter ein grundig planprosess vart «Regional plan for museum 2011-2015. Musea i samfunnet» vedtatt i Fylkestinget i sak 34/11. Tiltaket *Etablering av ein felles samlingsforvaltingsplan* for musea er ei av hovudsatsingane i denne planen. Museumsplanmidlar til dette tiltaket vart løyvd i 2013 og 2014. Fellestenestene for musea i Hordaland, Bevaringstenestene, har hatt ansvar for koordinering av planarbeidet, og har ført planen i pennen. Det er unikt i norsk samanheng at fleire konsoliderte museum no har skrivi ein felles samlingsplan. Planen ser mellom anna på tiltak for samhandling og fellestenester, og diskuter tematisk ansvarsdeling i framtidig innsamling. Planen er ferdig, men diskusjonane vil fortsette i eit eige samlingsfora.

Arbeidet har vore eit pilotprosjekt for musea i Hordaland – gjennom eit felles prosjekt har musea tenkt samhandling om korleis ein kan få til ei tematisk ansvarsfordeling, slik at Hordaland si historie vert godt og meir heilskapleg representert i samlingane. Planarbeidet har stadfesta at magasintilhøva til musea er særskilte, likeeins oversikten over gjenstandssamlingane. Problemstillingar knytt til private og kommunale samlingar har vore handsama gjennom kartlegging av private og kommunale samlingane i Nordhordland, gjennomført av Kulturverntenesta i Nordhordland v/Museumssenteret i Hordaland. Resultata er presentert i kortform som vedlegg til planen. Sunnhordland museum har som del av samlingsforvaltingsarbeidet gjennomført ei kartlegging av maritim industrihistorie i Sunnhordland. Motor- og hermetikkindustri er døme på tema der ein treng større oversikt og fordeling av ansvar for innsamling av gjenstandar, forskning og formidling på institusjon. Som vedlegg finn ein også ei historisk oversikt over næringsutviklinga i Hordaland 1850-1950. Målet er å setje fokus på nokre område som kanskje ikkje er nok representert i musea sine samlingar. Arbeidet med samlingsforvaltning omfattar også eit arbeid med nytt fellesmagasin for gjenstandar. Utreiinga her vil ligge føre våren 2016.

Samlingsplanen har sett i gong prosessar for ei betre og meir oversiktleg samlingsplanlegging for musea i Hordaland. Det viktigaste resultatet er ikkje berre planen, men sjølv arbeidet, der musea har fått ein felles arena for diskusjon av spørsmål knytt til samlingane sine.

Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur-, Idrett- og Regional utvikling ser samlingsplanen for musea som eit nybrottsarbeid og eit viktig løft for museumspolitikken i Hordaland.
2. Utval for Kultur-, Idrett- og Regional utvikling ser det som viktig at samhandlinga innan samlingsforvaltning vert ført vidare.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.10.2015

Etter ein grundig planprosess vart «Regional plan for museum 2011-2015. Musea i samfunnet» vedtatt i Fylkestinget i sak 34/11. Etablering av ein felles plan for samlingsforvaltninga var eit prioritert tiltak. Samlingsplanen er no ferdig. Prosjektet har vore leia av Bevaringstenestene, Fellestenestene for musea i Hordaland, som er ei avdeling under Museumssenteret i Hordaland. Prosjektleiari er Torunn Kojan Bøe. Arbeidsgruppa har vore dei konsoliderte musea i Hordaland samt museumsrådgjevar i Hordaland fylkeskommune. Om tiltaket i «Regional plan for museum» står det følgjande:

«Musea i Hordaland skal laga ein felles plan for samlingsforvaltninga, som omhandlar både innsamling og forvaltning av eksisterande samlingar, inkludert kulturlandskap. Optimalt bør også museum som er utanfor dei konsoliderte musea vera med. Tiltaket skal gje ei samla oversikt over samlingane, ein må utvikla system og rutinar for samhandling, og få i stand ei tydeleg arbeidsdeling slik at samlingsforvaltninga blir meir rasjonell. I dette arbeidet må ein løfta fagfelte samtidsdokumentasjon og immaterielle kulturarv. Spørsmålet om avhending av gjenstandar må også vera med, slik at planen gjev musea faglege retningslinjer for kassaksjon. Planarbeidet skal organiserast som eit prosjekt og knytast til arbeidet med PRIMUS. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, skal ha ei koordinerande rolle.»

I 2014 vart tiltaket om felles plan for samlingsforvaltning slått saman med tiltak 15. *Utviding og utvikling av Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland*. Om dette tiltaket står det mellom anna dette i museumsplanen:

«Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland er eit framtidretta tiltak både ved den funksjonen som blir utført med magasinering og konservering, og ved den samlande funksjonen tiltaket har for dei konsoliderte musea i Hordaland. Kapasiteten ved avdelinga rekk per i dag berre til innflytting, digitalisering og magasinering. For å kunna tilby direkte konserveringstenester, må talet på tilsette ved Bevaringstenestene aukast. Ein bør ta sikte på at innflyttingsperioden skal vara 6-8 år, og at ein deretter går over i ein fase der aktiviteten innan direkte konservering får eit hovudfokus. Samtidig må ein arbeida for å utvida magasinane, sidan dagens kapasitet vil vera fullt utnytta etter den første innflyttingsperioden.»

Bymuseet i Bergen har saman med Randsfjordmuseene AS, avd. Hadeland folkemuseum og Oslo Museum, gjennomført prosjektet *Prioritering og avhending av museumsgjenstandar – retningslinjer og metode*. Prosjektet er finansiert av Kulturrådet, og resultatet frå dette arbeidet er retningslinjer for prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske gjenstandar. Samlingsplanarbeidet til musea i Hordaland har såleis ikkje omfatta denne problematikken, men musea sine representantar har deltatt på møte og seminar der resultatane frå Bymuseet og Randsfjordmuseene sitt prosjekt er presentert.

Av museumsplanmidlane for 2013 og 2014 er det løyvd 850 000 kr til tiltak 32 Etablering av ein felles samlingsforvaltingsplan, handsama i Fylkestinget i sak 7/13 og PS 6/2014. Løyvingane omfattar koordinering og skrivning av plan og kartlegging og registrering av samlingane i Nordhordland. I tillegg har ein starta arbeidet med utgreiing om nytt fellesmagasin (vert presentert våren 2016). Musea har lagt ein samla eigeninnsats berekna til totalt 1125 timer. Ifølgje Statistisk Sentralbyrå er eit årsverk 1950 timer (inkl. ferie) i lønnsstatistikken. Musea har delteke på møte, deira representantar har kome med innspel til innsatsområde, laga samlingshistorikk, kommentert tekst og innspel. Prosessen har sett i gong interne prosessar og diskusjonar. I tillegg har musea sendt felles søknader til mellom anna Kulturrådet med innhald som er knytt opp til planarbeidet. Kultur- og ressursutvalet handsama i sak PS 51/2015, fordeling av museumsplanmidlar på institusjon. Av desse vart 200 000 kr løyvd til Sunnhordland museum til dokumentasjon av maritim industrihistorie samt å avklare si rolle i høve private samlingar. Vedlegget *Oversikt over samlingar av maritim industrihistorie* er svar på delar av denne løyvinga.

Målet for planarbeidet, slik det kom til uttrykk i museumsplanen, var omfattande. Alle måla er ikkje nådd, men prosessar er i gong, og det er utarbeidd tiltak for område der det trengs meir arbeid. Det er nødvendig å dele måla meir opp. Dette kjem til uttrykk i tiltaksdelen i planen. Mange museum har for dårleg oversikt over samlingane. Dette har samanheng med ressursbruken, det vil seie intern prioritering og tilgang på ressursar. Av stillingsressursane som i dag vert nytta på samlingsforvaltning reknar ein med 25 årsverk av til saman 312 årsverk i musea. Det er såleis viktig at arbeidet vert så rasjonelt som mogleg.

Det største resultatet er at musea tenkjer felles om korleis ein kan få til ei tematisk ansvarsfordeling, slik at Hordaland si historie vert godt og meir heilskapleg representert i samlingane. Ei slik bevisstgjerung er ikkje minst viktig når ein opplev store endringar i både offentleg og privat sektor. Endringar kan dokumenterast og historia bevarast på ein betre måte.

Planen har fleire vedlegg. Problemstillingar knytt til private og kommunale samlingar har vore handsama gjennom kartlegging av private og kommunale samlingane i Nordhordland, gjennomført av Kulturverntenesta i Nordhordland, Museumssenteret i Hordaland. Sunnhordland museum har som nemnt gjennomført ei kartlegging av maritim industrihistorie i Sunnhordland. Motor- og hermetikkindustri er døme på tema der ein treng større oversikt og fordeling av ansvar for innsamling av gjenstandar, forskning og formidling på institusjon. Som vedlegg finn ein også ei historisk oversikt over næringsutviklinga i Hordaland 1850-1950. Målet er å setje fokus på nokre område som kanskje ikkje har god nok plass i musea sine samlingar. Døme på slike område er næringar som meieriverksemd og mølleverksemd, offentlege tenester, kommunikasjon og samferdsel, finansnæringa.

Samlingsplanen har sett i gong prosessar for ei betre og meir oversiktleg samlingsplanlegging for musea i Hordaland. Musea har fått ein felles arena for diskusjon av spørsmål knytt til samlingar, dei samarbeider om søknader til mellom anna Kulturrådet basert på tema og problemstillingar som arbeidet med samlingsplanen har utløyst. Det er viktig at samhandlinga innan samlingsforvaltning vert ført vidare. Tiltaksdelen i samlingsplanen vil vere eit viktig verktøy.